

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 08.09.2021

Symphorien Pombe, SV, sette fram slikt forslag på vegner av SV og A:

«Forslag til innstilling:

1. Vestland fylkeskommune vidarefører Oslo-modellen for alle bygg- og anleggsprosjekt i eigen regi, slik den var vedteken i Hordaland fylkeskommune.

2. Krav om tariffløn bør innførast, slik det er gjort i Oslomodellen. Kravet kan operasjonaliserast gjennom at innleigde frå bemanningsbyrå skal vere fast tilsett. Dette skal dokumenterast overfor byggherre med den einskilde innleigde sin tilsettingskontrakt.

3. Krav om faglærde handverkarar bør vere hovudregel for alle bygg- og anleggsprosjekt i Vestland fylkeskommune. Ein bør innan utvalde fagområde auke kravet til faglærde til 80%.

4. Verksemdar som er leverandørar til Vestland fylkeskommune sine bygg- og anleggsprosjekt skal ha 10% lærlingar. Dette er eit krav utan unntak.

5. Det skal berre vere eitt ledd underleverandør i vertikal kjede.

6. Hovudregel for Vestland fylkeskommune sine innkjøp er at leverandørane skal følgje landsdekkande norsk tariffavtale.

Forslag til vedtak:

Før saka vert lagt fram for fylkesutvalet og fylkestinget, skal fylkeskommunedirektøren greie ut konsekvensane av innstillinga, jfr kommuneloven § 13-1.»

Knut Inge Andersen, FNB, sette fram slikt tilleggsforslag:

«Nytt pkt 3:

Menneske med nedsett funksjonsevne må få betre mogelegheiter og forpliktande rettar til å delta i arbeidslivet. Vestland vil difor være eit føregangsfylke med å gradvis byggje inn mekanismar basert på dei internasjonale CRPD -måla i seriositetskrava.»

Rita Tonning, R, sette fram slikt tilleggsforslag:

«Tillegg til punkt 1 i innstilling:

Vestland fylke går inn for at hovedregelen ved slike fylkeskommunale innkjøp og oppdrag er at det blir stilt krav om at det ligg føre landsdekkende norsk tariffavtale.»

Avrøysting

Pombe sitt forslag til punkt 1 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 4 røyster (H, FrP og PP) for fylkeskommunedirektøren sitt forslag som falt.

Pombe sitt forslag til punkt 2 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 4 røyster (H, FrP og PP) for fylkeskommunedirektøren sitt forslag som falt.

Pombe sitt forslag til punkt 3 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 4 røyster (H, FrP og PP).

Pombe sitt forslag til punkt 4 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 6 røyster (Sp, H, FrP og PP).

Pombe sitt forslag til punkt 5 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 6 røyster (Sp, H, FrP og PP).

Tonning sitt tilleggsforslag fekk ei røyst (R) og falt.

Pombe sitt forslag til punkt 6 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 6 røyster (H, U, FNB, FrP og PP).

Pombe sitt forslag til vedtak vart vedteke mot 2 røyster (FrP og PP).

Andersen sitt tilleggsforslag vart vedteke mot 3 røyster (H og FrP).

Innstilling til fylkesutvalet

1. Vestland fylkeskommune vidarefører Oslo-modellen for alle bygg- og anleggsprosjekt i eigen regi, slik den var vedteken i Hordaland fylkeskommune.

2. Krav om tariffløn bør innførast, slik det er gjort i Oslo modellen. Kravet kan operasjonaliserast gjennom at innleigde frå bemanningsbyrå skal vere fast tilsett. Dette skal dokumenterast overfor byggherre med den einskilde innleigde sin tilsetningskontrakt.
3. Krav om faglærde handverkarar bør vere hovudregel for alle bygg- og anleggsprosjekt i Vestland fylkeskommune. Ein bør innan utvalde fagområde auke kravet til faglærde til 80%. Menneske med nedsett funksjonsevne må få betre mogelegheiter og forpliktande rettar til å delta i arbeidslivet. Vestland vil difor være eit føregangsfylke med å gradvis byggje inn mekanismar basert på dei internasjonale CRPD -måla i seriøsitetskrava.
4. Verksemdar som er leverandørar til Vestland fylkeskommune sine bygg- og anleggsprosjekt skal ha 10% lærlingar. Dette er eit krav utan unntak.
5. Det skal berre vere eitt ledd underleverandør i vertikal kjede.
6. Hovudregel for Vestland fylkeskommune sine innkjøp er at leverandørane skal følgje landsdekkande norsk tariffavtale.

Forslag til vedtak:

Før saka vert lagt fram for fylkesutvalet og fylkestinget, skal fylkeskommunedirektøren greie ut konsekvensane av innstillinga, jfr kommuneloven § 13-1.»